



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Komite Forvaltning	23.02.2017	002/17

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Roar Bævre	PlanID - 201407, N - 504	15/2703

1. gongs handsaming av detaljregulering for Austrheim II

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i Plan- og bygningslova kap. 12 - §§12-9 og 12-10 - vert framlegg til detaljregulering for Austrheim II, plan id 201407, gnr/bnr 37/1, 8, 10 samt , gnr/bnr, 36/ 1, 5, 10 i Etne kommune lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker

23.02.2017 Komite Forvaltning

KF- 002/17 Vedtak:

Samrøystes

Med heimel i Plan- og bygningslova kap. 12 - §§12-9 og 12-10 - vert framlegg til detaljregulering for Austrheim II, plan id 201407, gnr/bnr 37/1, 8, 10 samt , gnr/bnr, 36/ 1, 5, 10 i Etne kommune lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker

SAKSUTGREIING:


Innleiing (bakgrunn for saka)

Etne Sand & Pukk AS ønskjer å utvide dagens uttaksområde for sand ved Austrheim for å kunne drive lenger enn det dagens reguleringsplan opnar for. Det blei konkludert på oppstartmøtet for planarbeidet den 31.10.2014 at denne utvidinga utløyste krav om planprogram med konsekvensutgreiing. Oppstart vert meldt 02.02.2015

Planprogrammet blei handsama i Komité forvaltning i sak 058/15 den 10.09.2015, og blei endeleg godkjend i Kommunestyret i sak 057/15 den 29.09.2015.

Komplett planforslag blei levert 23.11.2016 der nokre dokument er blitt reviderte i ettertid.

Problemstilling



Over: Dette er plankartet. Teiknforklaring: «rosa» er råstoffutvinning, lysegrått er veg, mørk grønn er annan veggrun – grøntareal, lysegrønt er LNF areal.

Utdrag frå planomtalen side 18 og 19:

6.1 Plassering

Eksisterande masseuttak på Austrheim og Sørheim er lokalisert ca. 3km aust for kommunesenteret i Etne. Produksjonsanlegget til Etne Sand og Pukk AS ligg på Tongane Industriområde like nord for Etne Sentrum.




Figur 8: Flyfoto overfor syner planområdet sin plassering i forhold til Etne sentrum

6.2 Avgrensning

Asplan Viak AS har tidlegare utarbeidd eit innspel til pågåande fredingssak for Etne Sand og Pukk AS, der ein ser på korleis masseuttaka på Austrheim og Sørheim kan formgjevast etter at drifta tek slutt. Det er utarbeidd to konkrete alternativ til korleis uttaksområde kan gjevast ei avslutta landskapsform. Begge alternativa innebere at eksisterande uttaksområde vert utvida mot nord. Alternativ 1, jamfør innspel til pågåande fredingssak, er lagt til grunn for, plangrensa i nord.

Elles inngår område regulert til eksisterande massetak i planområdet av di ein ynskjer å vurdere heile området under eit, i ein felles plan. Gjeldane reguleringsplanar inneheld også krav til istandsetting. Ved utarbeiding av ein felles plan vil det vera føremålstenleg og vurdere


gjeldande krav til istandsetting i høve til vidare drift / utvida uttak. I samband med oppstartsmøte med Etne kommune vart det avklart at framlegg til planområde som vist på figur under kan danne grunnlag for vidare planarbeid. Planområdet sin lokalisering



Figur 9: Forslag til plangrense.

Forslag til plangrense utgjør eit samla areal på ca. 230 daa. Av dette er om lag 30 daa uregulert. Oransje strek viser eksisterande landbruksveg.

Utdrag frå planomtalen side 31 og 32 angående kulturminnegrunnlag:



Figur 20. Kartutsnittet viser detalj av kulturmiljø 1) Stødleterrassen, og 2) Austrheim. Grense for fredningsområdet (mellombels) i Askeladden er vist med grøn heil linje. Nytt framlegg til grense for fredinga er vist med raud stipla linje (ikkje vedteke). Plangrense for massetaket er vist med blå stipla linje.

Kulturmiljø 2, Austrheim, ligg lengst aust på terrassen, like ved Lonsdalen der terrenget fell ned mot Håfoss. Fram til sommaren 2016 var det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i dette kulturmiljøet. Ved arkeologiske registreringar i samband med denne planen, vart det sommaren 2016 gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Desse ligg inne i kulturmiljø 2 Austrheim. Funna er dyrkningslag frå bronsealderen, mogleg rest av ein gravhaug, og eit produksjonsanlegg frå jernalder. (in pers J. Aksdal og A. Nordvik Sætre). Produksjonsanlegget er eit rikare og meir kompleks funn enn dyrkningslaga. Hordaland fylkeskommune har ikkje slutført rapport frå undersøkinga, men funna er lagt inn i Askeladden utan vidare opplysningar.



Figur 21. Ved Austrheim. Sommaren 2016 vart det funne ein forhistorisk produksjonsstad på flaten – i form av bl.a. kokegroper. Id 221783




Figur 22. Det gamle tunet på Austrheim.

Kulturmiljø 2 Austrheim har klare kulturhistoriske verdiar, først og fremst på grunn av at den opphavlege samanhengen mellom gardsvegar og eldre tun er intakt. Det er òg gjort mange arkeologiske funn i området, noko som viser at området har vore i bruk langt tilbake i tid. Fleire av dei automatisk freda kulturminna under bakken som vart avdekka i 2016 er av vanleg karakter og har ein noko avgrensa kjeldeverdi. Den kulturhistoriske opplevingsverdien er noko mindre enn ved kulturmiljø 1 Stødleterrassen – først og fremst fordi her ikkje er synlege forhistoriske kulturminne. Kulturhistorisk verdi vert sett til middels til stor.

Utdrag frå planomtalen side 39 til 40:

7.3 Tilhøve til kommunedelplan for ny E134 (Bakka – Solheim)


Etne kommunestyre vedtok, 29. september, kommunedelplan for ny veg (E134) mellom Bakka og Solheim. Den austre linja / korridoren igjennom eksisterande massetak vart vedteken. Korridoren ligg innanfor planområdet, men rører ikkje ved det området forslagsstillar ynskjer å utvide massetaket med, jamfør vedtatt planprogram.



Figur 27: Kartskissa viser vedteken korridor for ny veg (E134) igjennom planområdet.

Jamfør prosjektleiar hjå SVV, Bjørn Åmdal, er det lite sannsynleg at SVV vil starte opp reguleringsplanarbeid for ny veg (E134) før 2017, sidan vegstrekinga ikkje ligg inne i gjeldande NTP (2014 - 2023). NTP = Nasjonal transportplan. Sidan prosjektet ikkje ligg inne i gjeldande NTP er det ikkje gjeve planleggingsmidlar til prosjektet.

Neste NTP (2018-2027) vil bli handsama i Stortinget våren 2017. Ein veit heller ikkje om vegprosjektet vil bli prioritert i neste NTP (2018-2027). Grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan 2018 - 2029", frå Kystverket, Statens vegvesen, Jernbaneverket og Avinor AS vart overlevert samferdsledepartementet i slutten av februar 2016. Strekninga Bakka – Solheim ligg her ikkje inne som prioritert prosjekt. Jamfør punkt § 1-2 i føresegnene til kommunedelplanen, gjeld kommunedelplan for ny veg føre arealbruk i arealdelen til kommuneplan for Etne (2003 – 2013), vedteken 12.12.2003, og kommunedelplan for Etnesjøen 2011 – 2023. På plankartet til kommunedelplanen er korridor for ny veg vist som framtidig bandleggingssone (Omsynssone), for regulering etter PBL. Jamfør føresegnene (§ 3.1) til KDP skal areal innanfor omsynssona regulerast til tofelts veg med meir, og tiltak som kan gjere planlegging og utbygging av E134 vanskeligare eller dyrare er ikkje tillate. Forslagsstillar meiner dei kan drive i 4 år til innanfor gjeldande reguleringsplan. Massar som ikkje er henta ut ligg i stor grad innanfor korridor avsett til ny E134. Slik forslagsstillar vurderer det vil planframlegget gjera det lettare å bygge ut ein eventuell ny E134 i framtida som fylgje av at overskotsmassar i korridoren vert fjerna. Planframlegget vil såleis ikkje gjere framtidig planlegging / utbygging av E134 vanskeligare eller dyrare.



Figur 28: Skissa viser i grove trekk kva areal innanfor gjeldande reguleringsplan der massar enda ikkje er teke ut.

Tiltakshavar har vore i dialog med SVV v/ Bjørn Åmdal og Eva Sundal som stadfestar at SVV ikkje kan sjå at tiltaket vil gjere det vanskeligare å bygge ut ein eventuell framtidig ny E134. Me viser her til e- post frå Åmdal, datert 31. mars 2016, og e- post frå Sundal datert 31.03.2016.

Temautgreingar som ligg ved kommunedelplan for ny E134 vil inngå i kunnskapsgrunnlaget til dette planframlegget.

Utdrag frå planomtalen slutt

Vurdering

Planforslaget er i hovudsak i tråd med overordna plan og tidligare planer med unntak av utvidinga. Den utløyste krav om planprogram med KU.

Planforslaget har mange fleire dokument enn det som er vanleg. Det følgjer mellom anna med fleire fagrapportar som går ut på tema som støy og støv, kulturminner, biologi / naturmangfald, turbiditet og sigevatn. Konklusjonar og utdrag frå fleire av desse rapportane er brukt i planomtalen. Planomtalen er fyldig og rikt illustrert.

Det er berre Etne sand & pukk AS som er forslagsstillar, men Åsbø sanddrift vill også tene på dette ved at dei får ein liten trekant nordaust ved dagens uttaksområde. Denne trekanten er den delen av forslaget til utvida område som ligg på garden Sørheim sin eigedom. Dermed gagnar planen begge firma som tar ut sand i dette området.

Kvartærgeologien til Stødleplatået er forklart på side 23 i planomtalen. Ein kan vidare legge til at denne typen geologisk formasjon, eit delta, i dette tilfellet skapt av elver rett frå ein isbre, er ynda som uttaksområde for grusmassar. Dette er fordi dette er grusmassar som er flytta av og avsett i vatn. Det medfører at massane blir sorterte av vasstraumane. Grusen i eit delta er ikkje uniform, men det oppstår ei lagdeling med band av grus med tilnærma lik kornstørrelse. I tillegg er det redusert sjanse for å finne store steinblokkar. Morenemassar er til gjengjeld ikkje sorterte, noko som skapar ekstra utfordringar ved uttak av massar og sortering til forskjellige produkt. Sanduravsetningar, slik som den som ligg oppe på Stødleplatået er og sorterte. Den nemnte moreneryggen som ligg oppå sandura var mykje lengre før ein starta opp sandtaket. Enda meir av han vil bli borte viss ein utnyttar det nye uttaksområdet.

Støv er ein av dei negative følgjene av denne verksemda. Planarbeidet har fokus på dette og kjem med eigen støvrapport.

Administrasjonen hadde ei tilbakemelding på støvmålingane som er utført. To støvmålarar er plasserte ved Austrheim gardane like aust for sandtaket. Det er derimot frå Sørheimsgardane like vest for sandtaket at klagane på støv kjem ifrå. Det skal i periodar vere så ille at ein ikkje kan ha vindauga opne eller henge klesvasken ute. Det er vestaveret som dominerer i Etne, men det veret kjem med betydelege nedbørmenger. Noko som reduserer støvmenga frå grustaket. Det er austavinden som er problemet. Den kjem ikkje så ofte men er vanlegvis tørr og kjem ofte i kraftige kast. Austavinden som kjem ned Litledalen treff rett på sandtaket, tar med seg finsand frå heile området, går så inn i Åsbø sanddrift si «grop» og blir sendt til værs i ei støvsøyle som ofte blir omtala som eit par hundre meter høg. Denne søyla treff så Sørheimsgardane først før den driv ned mot sentrum og fjorden. Den tiltenkte måleperioden for støv er over i februar, da vil målerane frå Austrheim bli flytta til Sørheim slik at ein får målt litt der og. Dette er nemnt på Side 36 i planomtalen med kart

på side 36. Det er sjølvstendig usikkert om austaveret vil slå til i måleperioden.

I ei tilbakemelding til konsulentten påpeika vi at avbøtande tiltak mot støv (vatning) manglar under §5 i føresegnene. Dette er svaret vi fekk:

*«Det er eit grensesnitt mellom PBL (Reguleringsplan), Minerallova og Forureiningslova. Me viser til «Temaveileder – Uttak av mineralske foreskomster», side 4:
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/2011/vedlegg/veiledninger/mineralske_forekomster/temaveileder_mineral.pdf*

Slik me ser det er avbøtande tiltak mot støv (vatning) ein del av drifta av uttaket. Driftsmessige tilhøve skal fastsettast i driftsplan, jamfør temarettleiar, ikkje i reguleringsplan.»

Det er direktoratet for mineralforvaltning med bergmesteren på Svalbard (DMF) som godkjenner driftsplaner for masseuttak, gruver og liknande.

I planomtalen blir det påpeika at det er fleire lokale bedrifter i området som er avhengige av kortreiste grusleveransar for å overleve. Grusuttaket generer difor mange fleire arbeidsplassar enn dei som tar ut og foredlar grusen.

Som ein ser i utdraget av planomtalen angående den nye E134, så medfører ikkje planarbeidet nokon problem for planane for ny veg.

Det blir i denne planen lagt konkrete føringar for korleis området skal sjå ut når drifta er lagt ned. Dette finn ein mellom anna under §2 i føresegnene, der eit kart med landskapsplan og nokre snitt som viser noverande og framtidig landskap følgjer med som vedlegg. §§3.2.1, 3.2.2 og 3.2.3 er rekkefølgekrav som går på tilbakeføring til landbruk og er knytt til kartet med landskapsplanen. §5.2.1 seier også noko om kva som skjer etter avslutta drift.

I følge §5.1.3 så er det gjeldande lovverk, forskrifter, retningslinjer og reglar som skal regulere miljøulempar som støv, forureining, trafikk, avrenning og støy.

Som nemnt ovanfor så er det funne nye kulturminne innanfor området der ein ønskjer å utvide sandtaket. Det låg ingen konklusjon på dette i planomtalen, men den sjølvstendige rapporten angående kulturminnegrunnlag har denne konklusjonen:
«Negativ verknad på kulturminne kan dempast noko dersom grensa for masseuttaket vert justert sørover. Det er truleg likevel utfordrande å unngå direkte konflikt med nokre av dei nye funna som vart påvist sommaren 2016. Ein må derfor forventast at funna krev dispensasjon frå kulturminnelova dersom tiltaket skal gjennomførast slik planen no føreligg. Eventuelle krav om arkeologisk undersøking av funna kan vere eit kompensierende tiltak.»

Kommentarane til oppstartsmerknadane til planoppstarten blei handsama saman med planprogrammet. Dei blir lagt ut til høyring.

Konklusjonen er at planframlegget kan leggest ut til offentleg høyring.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.02.2017	2_Austrheim II - føresegner	1367709
10.02.2017	4_536170-02_LO001	1367710
10.02.2017	5_536170-02_LS001	1367711
10.02.2017	3_Plankart 201407-Austrheim II	1367712
10.02.2017	Austrheim II - planskildding	1367713

Saksgang:

Komite forvaltning for 1. gongs handsaming.

Utskrift til:

Sakshandsamar.